



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 1

JANUAR 1979

29. årgang

TA KRISTUS BORT

*Ta Kristus bort, det rop nu mektig runger
fra åndens høyder over verden ut.
Korsfest, korsfest ham, roper tusen tunger,
vi har ei mere bruk for ham som Gud.*

*Vår tankes flukt går mot de vide vidder,
og Jesus har vi kun som ideal.
Vi tror ei at han ved Guds høyre sitter,
men ble i graven her i jordens dal.*

*Vår frie ånd skal ingen mere binde
i gamle dogmers trange fangebur.
Den fritt skal sveve på fornuftens vinge,
og granske undrene og Guds natur.*

*Ta Kristus bort. Igjennom verdens vrimmel
det stiger gjenlyd fra den store flokk:
Vi har ei bruk for frelser eller himmel,
vi eier jorden, og den er oss nok.*

*Ja, slik går ropet over jordens riker,
mer høyt enn noensinne før.*

*Men de som her vil stenge Jesus ute,
vil engang finne lukket Himlens dør.*

*Ta Kristus bort, og troens grunnvoll svikter,
og verden styrter i en avgrunn ned.
Ta Kristus bort, og håpets lys utslukkes,
det trette hjerte kan ei finne fred.*

*Ta Kristus bort, og lyset mer ei skinner
for folkene i dødens skumle natt.
Ta Kristus bort, og mer enn noensinne
vil synd og ondskap få så stor en makt.*

*Ta Kristus bort og hvem skal bære byrden,
forlate synd og løke hjertesår?
Ta Kristus bort, og hvem skal være hyrden
som søker etter det fortapte får.*

*Ta Kristus bort, det svimler for min tanke,
jeg øyner ingen utvei, ingen råd.
Hans frelsesgjerning er min redningsplanke,
hvis den kom bort, jeg måtte under gå.*

Fra «Lyngblomsten» av Johanna Krogh.

Kristne i verdens-samanheng

Vi som kallar oss kristne her i Orkdal, har det godt på alle vis. Vi kan gå til kyrkje når vi vil. Vi kan samlast i heimane våre til kristne møter utan at nokor øvrihet forbyd oss det. Vi får barna våre undervist i våre skolar også om Kristus. Vi kan be, lesa, vitna som vi vil.

Slik er det ikkje alle stader. Urkyrkja hadde sine martyrar, så kyrkja har av soga lært kva martyrium er. Likevel er det slik no at berre i vårt hundreår (til år 1978) har kyrkja sett flei-

re martyrar enn alle andre hundreår før tilsaman. Aldri i kyrkja si totusenårige søge har kampen vore så intens, nådelaus og total. Mange millionar kristne er i løpet av dei siste 50 år blitt torturert, fengsla, sendt til slaveleger eller blitt drepne under dei mest vannærande tilhøve, bak jernteppet og bambusteppet.

Kampen mellom antikrist og Kristus er blitt verdsospennande. Det som skjer lengst framme i frontlina lyt også få fylg-

jer for dei som finn seg sjølv lenger bak. Vi er blinde stakkarar om vi ikkje skynar dette. Og frontlinene er ikkje berre å finna attom diktaturenes grenser. Dei går snart tvert igjennom også alle dei gamle kristne land i vesten. I våre skandinaviske land t.d. er den bevisste vondevilje i ferd med å latterleggjere alle dei kristne moralnormer, som forelda og gammaldagse. Det er fyrste fase i striden. Så kjem angrepet på den «forelda

Framh. s. 2

SLEKTERS GANG

Døpte



Orkland.

25.12. Bodil Berbu

Geitastrand

25.12. Leif Bakken

1. 1. Gunhild Reitan

Orkdal.

26.11. Asgeir Skjolden Jenssen

Ruth Irene Rise

26.12. Eystein Garberg

1. 1. Marianne Dyndal

Orkanger

24.12. Janicke Kristiansen

Vigde



Orkdal.

2.12. Olav Harald Oddli og

Laila Solveig Garnvik

30.12. Arnljot Balsnes og

Mary Johanne Vattengård.

Orkanger

17.11. Arne Olav Svenson og

Marit Tordis Skaare (Vigd hos
byfogden i Trondheim)

17.11. Christian Lucien Fradet og

Irene Sundli (Vigd hos soren-
skriveren i Orkdal)

Døde



Orkland

8. 12. Marit E. Gimse

18.12. Lars Rønning

Orkdal.

24.11. Tore Haldogard f. 1957

Inge Johnsen f. 1957

26.11. Kristian Dahl f. 1906

27.11. Ella Kvaale f. 1892

5.12. Arne K. Mo f. 1915

Sivert Mælen f. 1902

6.12. Ole Martin Evjen f. 1892

Kristne i verdens-samanheng

Framh. frå s. 1

kristustru». Sidan kjem så statlege inngrep i den kristnes yttringsfridom. Og kanhenda er slike angrep i ein demokratisk stat verre enn i eit diktatur. I diktatura veit kyrkjefamfund og den einskilde kristne kva og kven dei kjemper imot. I demokratia blir det meire som skuggeboksing mot ein ullen motmann. Det er lettvindt å sjå Sverige som eit døme i så måte. Der er kristendomsopplæringa forbode — også i privatskolar. Grunngevinga er at alle barn har krav på same undervisning. Og medan kristendomsundervisning skal vera så farleg at det må forbyast i dei offentlege skolar, så tillet ein pornografi i alle dens forsimplande former. Så skynar ikkje styresmaktene at åndeleg forurensning er langt meire ålvorsam enn den forurensning som elles skjer i naturen, om den er ålvorsam nok. Lat oss så ikkje tru at vi i Norge er utanfor dette spelet. Da Norges Kristelege Radio- og Fjernsynslag sendte ein protest til NRK mot den siste forsimplande svenske fjernsynsfilmen, svara kringkastingssjefen ironisk og suveren: «Hjertelig takk! Jeg har selvfølgelig merket meg innholdet».

Ein har god grunn til å tru at dei kristne i landet vårt og alle med kristen grunnholdning er eit suverent fleirtal. Likevel er det kulturradikalarane som rår grunnen åleine. Kvifor? Kanhende fordi dei heilt sidan «MOT DAG» si tid la slagplan om å erobra alle nøkkelstillingar i samfundets indre maskineri — har radikalarane fått behandla dei stort sett. Dette kan dei kristne vera med å snu. Dei må vera

11.12. Lovise Skar f. 1902

14.12. Johan Mo f. 1884

19.12. Magne Aunemo f. 1923

21.12. Oline Røhmesmo f. 1914

24.12. Lars Gjønnes f. 1900

25.12. Kjellaug Gangås f. 1915

Orkanger

6.12. Kristine Kongsvik f. 1895

24.12. Olga Ustad f. 1932

27.12. Einar Løvås f. 1898

med på å «slåss på barrikadane» for si tru og sin rett til å fostra borna sine slik trua fordrar. I alle samfundets yttringsformer må det kristne syn hevdast av den som trur. Men framom alt — eller kanskje attom alt må det bøn til. I lønnkammartimen må ein henta åndskraft og frimot. Og her er vi der vi tok til i overskrifta — Kristne i verds-samanheng — Vi må solidariser oss med alle våre medkristne verda over. Dei millionar av martyrar verda over treng vår forbøn — vår omtanke — og vår kjærleik. Når vi så held vår lønnkammerbøn anten det skjer morgon eller kveld, så må vi ikkje berre be for våre næraste omkrins — men flytte bønens sorg til jorda sine ytterste ender. Gjer vi ikkje det, så vil ateismens svøpe ein gong også slå oss over heile den vestlege verda.

K. R.

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDERGjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Signmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

7330 Svorkmo.

Brukbar for Gud

Ap.gj. 9. 10 — — —. «Men det var i Damaskus en disippel ved navn Ananias, og Herren sa til ham i et syn: Ananias! Han svarte: Her er jeg Herre!

Når det gjelder å utbre Guds rike på jord, da har han bunnet seg til sine barn. Gud kan gripe inn på mange måter uavhengig av oss, men evangeliets utbredelse har han overlatt til oss.

Gud sier klart, at han vil og kan bruke oss.

Vi leser i Ap.gj. 8, 25 om en Ætiopisk hoffmann som har vært i Jerusalem for å tilbe. På heimvei sitter han og leser Es. 53. 7-8. Phillip var oppatt i vekkelsesarbeid i Samaria. Han får besøk av en engel som ber ham gå til Gasa å hjelpe hoffmannen, som ble frelst. Vi nevner også Hovedsmannen Kornelius i Ap.gj. 10. Han fikk et syn. En engel kom til ham og ba han sende bud til Simon Peter og han kom til ham og talte Guds ord til alle i heimen hans. Hvorfor kunne ikke englene hjelpe fram til klarhet i deres gudsførelse? Det står fast at vi er sendebud i Kristi sted.

Betingelser for å være brukbar for Gud.

Hovedbetingelsen er at du er en personlig frigjort kristen. Uten det blir du en falsk trøster og en blind veileder, som ikke

har de åndelige kvaliteter og Jesu sinnelag. Vi mener at lærdom, talegaver og stor frimodighet er selvsagt. Men vi må ikke glemme at det å være grepet av Kristus er avgjørende. Ananias hadde et godt vitnesbyrd i sin omgangskrets. Dette er nødvendig for ellers vil hjelpen og vitnesbyrde bli for kastet. Han hadde også en villig ånd, mange troende vet at Gud har kalt dem til en bestemt oppgave i livet, men de har en masse undskyldninger.

Kraften og utrustningen får vi hos Jesus.

Det gamle løfte står fremdeles ved lag: «Men i skal få kraft idet den Helligånd kommer over eder, og i skal være mine vitner både i Jerusalem og Judæa og Samaria og like til jordens ende».

Ap. gj. 1, 8. Det er bare de kraftløse og hjelpeløse som har trang og rom for Guds kraft.

Om å gifte seg

— Far var heldig han, sa Ola, — som fikk a mor, men tenk på meg da, som får en helt fremmed en

Slik kan folkehøyemoren avsløre noe som ungdom flest ikke liker å tenke på: ekteskapet er det største vågestykke vi innlater oss på her i livet. En skoghandel kan gjøres om igjen, en jobb kan man si opp, men et ekteskap varer til døden skiller dem ad, og selv en skilsmisse makter ikke å gjøre løftet til intet: man er merket av det hele livet ut.

Men bare få er så ærlige som Ola og innrømmer at man kjenner seg litt hjelpeløs før man tar det store sprang.

I gamle dager var det som kjent foreldrene som tok seg av denne hjelpeløshet. Det er først i de siste 80-90 årene at man har latt de unge stå helt ensomme ved valget av ektefelle; tidligere ble det i større eller mindre grad ordnet for dem av andre, og åpenbart ofte med bra resultat. Det er i hvert fall intet som tyder på at det er færre ulykkelige ekteskap nå enn før.

I dag har man avskaffet foreldrenes innflytelse ved inngåelse av ekteskap uten å sette noe annet i stedet. Følgen er at mange driver inn i et ekte-

To ting særpreger de som Gud kan bruke: Omsorg for venneflokken og nød for de ufrelste.

*Bruk meg nådefulle frelser,
som det her behager deg — —.*

Andreas Konstad

Arbeid i menigheten.

Vi etterlyser frivillige arbeidere i menighetene våre. Er det noe du kan tenke deg å hjelpe til med, så vær så snill å ta kontakt med kateket Per Solem, Evjensbakkan, Orkanger. Han har ikke fått telefon enda, men kan treffes på tlf. 82 142 de fleste torsdager mellom kl. 10.00 - 12.00. Vi trenger folk til praktisk hjelp ved teentreff, eldretreff og konfirmantarbeid. Vi mangler noen til søndagsskolen på Kvålsvoll, flere jenter (damer) til å hjelpe til med jentespeiderne på Evjen.

Vil du gjøre noe i Guds rikes arbeid så ta en prat med, — eller skriv til kateketen. P. S.

Biskop Alex Johnson

Ekteskap - Heim - Barn

Heimen er innstifta av Gud. «DET ER IKKJE GODT FOR MENNESKET Å VERA ALEINE (1. Mos. 2, 18) sa Gud og så ordna han det slik at heimen vart etablert som den første institusjon på jord. Det må to mennesker og eit ekteskap til for å skape ein heim.

Å gifta seg betyr at ein ikkje lenger er åleine. To mennesker går inn i eit fellesskap av velvære og glede, ein blir to om å møte livsens vanskar — to om å dele glede — to om å hjelpast åt med alt: «BÆR KVARANDRE SI BØR, OG FYLL PÅ DEN MATE KRISTI LOV» (Gal. 6, 2) Men det er klårt at skal ein kunne gje seg heilt åt kvarandre både med kjøt og ånd — så må ein vera trygg for at heimen ein gjekk inn i må gjel- da for heile livet. «DEI ER DA IKKJE LENGER TO, MEN EIT KJØT, OG DET SOM GUD HAR BUNDE IHOP, DET SKAL IKKJE MENNESKJA SKILJE» (Matt. 19, 6)

Skal ein heim bli lukkeleg må det vera kjærleik mellom dei to som har inngått ekteskap og ein må også vera klår over at kjærleik er uendeleg mykje meire enn flyktige kjensler. Den sanne kjærleik inneheld også: truskap, omsorg, offervilje, tilgjeving, vilje til å lida ilag om det trengs. KJÆRLEIKEN ER LANGMODIG; VELVILJUG; DEN BÆR IKKE AVVIND, DEN SKRYT IKKJE, BLES SEG IKKJE OPP, KJÆRLEIKEN GJER INKJE USØMELEG, SØKJER IKKJE SIT EIGE, ILLSKAST IKKJE GØYMER IKKJE PÅ DET VONDE, GLED SEG IKKJE OVER URETT- FERD, MEN GLED SEG VED SANNING, KJÆRLEIKEN LID ALT, TRUR ALT, VONAR ALT, TALAR ALT; KJÆRLEIKEN FELL ALDRI BURT». (1. Kor. 13, 4-8).

Ein ektefelle finn ein ikkje i snar- hasten. Det er ikkje slik at ein kjen- ner kvarandre nok til å gifta seg et- ter tre vekers samvær. Det er også ei misoppfatning om ein trur ein kan gifta seg fordi ein har tatt ekteska- pet på forskott og fann ut at ein høv- de seksuelt ilag. Det seksuelle er berre ein brøk av det heile menneske. Difor er den gamle skikk med ei tru- lovingstid ei fin og naudsynt ordning. Gjennom ei slik tid finn ein ut om ein bryr seg om å tale saman også om andre ting enn eins eigen kjærleik

til kvarandre. Ein finn ut om ein har sams interesser, prinsipp og livssyn — i det heile om ein går godt ilag gjennom kvardagens mange små og store hendingar — og innhald. Kor- leis skulle ein fornuftig ungdom kunne gifta seg med ein makker ein ingen- ting veit om når det gjeld planleg- ging for eit langt liv, for korleis ein vil innretta seg og kva for livsverdiar ein vil ha som basis for heimen?

Ein kristen ungdom må også ha lov å forventa å få Andens leing når det gjeld ekteskap. Det er eit godt privilegium å rekna med, for den som trur.

Lat det også vera sagt at det slett ikkje er alle som skal gifta seg. Man- ge blir kåra og kalla av Herren Jesus Kristus til slike spesialoppgåver at det er mest tenleg dei vert ugifte. Heller ikkje er alle skapt med dei same kjensler og anlegg i slik samman- heng. Guds ord lærer oss at men- nesker kan vera lukkelege også i ugift stand — heldigvis. Kvar og ein må finna ut om Guds plan med sitt liv. Mange kan tena Kristus best i ugift stand. Både Barnabas og Paulus var ugifte. Den siste skriv slik i 1. Kor. 7, 27: «ER DU BUNDE TIL EI KO- NE, SA SØK IKKJE SKILSMAL, ER DU IKKJE BUNDEN TIL EI KONE, SA SØK IKKJE ETTER EI, MEN OM DU GIFTAR DEG, SA GJER DU IKKJE SYND».

Når det kjem barn i ein heim, opp- lever foreldra ei utvikling av sin eigen karakter som elles ikkje ville ha fun- ne stad. Det vesle barnet blir eit nytt sentrum i tilværet. Det krev mor og far, nær sagt heile døget. Mor og far har fått noko å vera glad i saman — noko å hegna om — stella med — og fostre best mogeleg — saman. Slik knytter eit barn dei to foreldra enda nærare ihop. Barnet aukar lykke- kjensla og gleda og det bær velsig- ning over heimen sin.

Gud har sett faste reglar for hei- men. Både det 4, 6, 9 og 10 ande bo- det er sett som vern omkring den.

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.



Det fjerde bodet bær vel i seg alle dei andre, for ein held ikkje dette bodet om ein ikkje også freistar halda dei alle. «DU SKAL HEIDRA FAR DIN OG MOR DI — SA SKAL DET GÅ DEG VEL OG DU SKAL LEVA LEN- GE I LANDET». Også andre levereg- lar gjev Guds ord for barnet og un- gdomen: «DE BARN, VÆR LYDIGE MOT DYKKAR FORELDRE I HER- REN — FOR DET ER RETT». (Ef. 6, 1) «KOM BARN OG HØYR PÅ MEG, EG VIL LÆRA DYKK OTTE FOR HERREN». (Salme 34,12)

Men denne fostringa er lagt på foreldra som eit ansvar: «DE FEDRE, ARGA IKKJE DYKKAR BORN, MEN FOSTRA DEI I HERRENS TUKT OG FORMANING» (Ef. 6, 4). «AGA SONEN DIN, SA VERT HAN DEG TIL HUGNAD O KVEIKAR DI SJEL». (Ordsp. 29, 17).

Foreldra sitt ansvar blir altså ikkje berre å gje barnet sitt kjærleik, gode klede, god mat og ei god utdanning. Mest av alt må foreldra gje barnet sitt fostring i Guds ord og eit godt kristent føredøme. Om barna skal lære bøn, lovsangens tone og innhal- det i den glade bodskap — må det få hjelp av foreldra. Først i heimen, med regelmessig samling om ord og bøn. Barnet må lære å takka Gud for ma- ten og også for alle andre ting det får. Det må også få vera med forel- dra til Guds hus for der å delta i lov- sangen og samlinga om ordet. Ingen kan forvente at ein ungdom brått skal ta til å gå til kyrkje i vaksen alder om ho eller han aldri lærte å vera med mor og far. Og dette gjeld altså det evige livet. Ved mors og fars ek- sempel — ved ånd og vegleing kan de vera med på å skapa noko som får evighetsverdi.

Det er vel også slik at på DEN STORE HERRENS DAG skal våre barns blod kreves av vår hånd.

K. R.

Det nyvalde kyrkje- råd for den norske kyrkja vald for 4 år:

Sivilingeniør Ludvig Johan Bakkevig (formann)
Sosiallege Alfred Egenberg (Stavan- ger) (nestformann)
Universitetslektor Gunhild Hagesæt- her (Oslo)
Skolesjef Finn Olav Myhre (Borg)
Husmor Inger Lise Fiskvik Bakken (Hamar)
Husmor Terese Kringlebotten (Tuns- berg)
Prost Gunnar Holtskog (Agder)
Kyrkjelydssekretær Inge Eiksund (Bjergvin)
Prost Kaare Granøyen Rogstad (Nidaros)
Prost Arne Fylling (Sør-Hålogaland)
Kommunekasserer Ewald Larsen (Nord-Hålogaland)
Døsent Torleiv Austad
Biskop Thor With

Ruta for konfirmasjonshelgene
blir denne:

6. 5 Orkdal
13. 5 Orkanger
20. 5 Moe
20. 5 Geitastrand

Prost Rogstad

har fått statens studiestipend i 3 mnd. for året 1979. Spr. Olav Olsen vil stå som vikar. I skrivande stund er det enno ikkje heilt klårt kva for tidsrom prosten vil vera ute av te- neste.

Årsmøtefest NMS

Orkdal fellesforening av NMS har årsmøtefest søndag 21.1 kl. 15 i Me- garden bedehus. Talarar vert krets- sekretær Omland og frue som nett har vore på Madagaskar.

I samband med ektefellenes vitjing i Orkdal blir det desse møter:
fredag 19.1 Svorkmo Misj.hus kl. 20.
fredag 19.1 Gjølme Bedehus kl. 19.
laurdag 20.1 Hjå John Ljøkjel kl. 20.
laurdag 20.1 Hjå Jens Singstad kl. 19.

Har du hugsa å ta ektefellen
din med til Guds hus?
Ofte? Ofte nok?



Ja, for du hugsar vel kva spørsmål du svara ja på: «Vil du leva med han (henne) etter Guds heilage ord . . .» og i bønna for dykk sto det: «So dei set si lit til deg i gode og vonde dagar og held trufast saman, og hjelper kvarandre fram mot det ævelige livet».

Praktiske råd om vigsel

Alle som skal gifta seg — anten det er borgarleg eller kyrkjeleg må hjå vigselmannen fylla ut skjema for «Prøving av ekteskapsvilkåra» — nett det same som før vart kalla «lysing til ekteskap». Men no vert det ikkje lenger «Lyst til ekteskap» i Norsk lysingsblad. Derimot er det framleis høve til å få sitt ekteskap tillyst frå preikestolen i kyrkja med forbøn — slik som før, og dei fleste gjer heldigvis enno det.

«Prøving av ekteskapsvilkår» — må skje minst ei veke før ekteskaps- inngåing — men det er ein føremun at det skjer i god tid om det skulle vera noko kluss med turvande attest- ar. Dei attestar ein treng ha med seg er: Dåpsattest om ein ikkje er fødd i soknet, attest for skifte om ein av partane har vore gift før. Om ein eller begge brudefolka ikkje er myn- dige — må dei ha med seg skriftleg løyve frå foreldra. (Skreve på vanleg brevpapir). Det er også praktisk om dei som skal vera vigselvitnar er med — så dei kan fylla ut «forlovarpapir». Desse må vera myndige.

Dei som skal vigjast i kyrkja bør på førehand ha tala med presten om salmeval/ og musikk (pre- og post- ludium) og også om korleis det skal gå føre seg under vigselen.

I Orkdal prestegjeld kostar det kr. 85,— å gifta seg i ei kyrkje. Om ein giftar seg på prestekontoret er alt gratis.

K. R.

Biblar til SOVJET med norsk assistanse

Like inni jula kom det ei overrask- ande — uventa og overlag triveleg melding om at dei sovjetiske myndig- heter har gje All-Unionen for «Evan- gelisk-Kristne Baptistar» løyve til å importera 25 000 russiske biblar. Bib- lane er allerede prenta ved det Tyske Bibelselskaps prenteverk i Stuttgart. Utgiftene ved å produsera desse bib- lar kjem på 75000 amerikanske dollar og av denne sum har Det Norske Bi- selselskap løyvt 10000 dollar.

Kasett-biblar for blinde

Den 1ste november fekk vi ny bibel omsett både til nynorske og bokmål, ein stor gæve til det norske folk. Bil- lig er den også — berre kr. 88,— pr. stk. No må vi også vera med å gje ei handsrekning til ein gruppe lands- menn som må betala adskillig meir for å få seg ein Bibel. Det er dei blind- de som ikkje kan lesa blindeskrift — helst slike som vart blinde i vaksen alder og aldri kom seg på blindeskole og fekk læra lesa blindeskrift. For slike er heile Bibelen innlese på kassetar. Ein kasett-Bibel kostar i produksjon ca. kr. 3500. Men den vil bli subsidiert. Like vil vel den kosta kr. 250 i sal. «Kristent Arbeid blant Blinde» og «Det Norske Bibelselskap» som samarbeider om dette prosjekt ber no alle oss som ser om hjelp til finansieringa.

Gåver kan sendast til:

Kristent Arbeid Blant Blinde,
postgiro 5 09 96 01
1800 Askim.

19. Brage Høyem 1922-1933

Den 19de sokneprest i Orkdal vart Brage Høyem. Om si ætt og opphav lar vi han sjølv fortelja: (kallsbok for Orkdal).

«Fødd den 26. september 1874 i skolegata 2b i Trondhjem. Far: Olav Jakobson Høyem var son av lærar og kyrkjesongar Jakob Høyem på Byneset og kona Kari Olsdatter Prestgard Høyem ibidem (samestad). Far var utdanna på Klæbu seminar 1850 (f. 1830). Var lærar, dels i T. hjem (Lademo), dels i Kristiansund. 1858 vart han telegrafist, fyrst i Kristiansund, so i T. hjem. Frå 1865 setelkontrollør i Norges bank, kjend journalist og bankmann. Sterkt påverka av Grundtvig og folkehøgskulemennene her heime. Ein av dei fyrste som tok opp arbeidet for norsk mål. Mor er Oline Ingebrigtsdatter Mule frå Bynes, f. 10.1 1839, — far sitt syskenbarn. Båe ætta frå Lensmann Schjetlein på Leinstrand, ein av H. N. Hauges beste vener».

Etter vanleg almueskole gjekk Brage Høyem på ein privat førebuingsskole for middelskolen — som farbroren Klaus Høyem dreiv i Trondheim. Seinare vart det både méddelskole og gymnas ved Trondheim katedralskole. I 1893 vart han student med laud. Hausten 1894 reist han til Christiania for å studera teologi.

I Høyems studietid var den gamle teologiske retning med Gisle Johnson og Theodor Casparie til ende. Dei hadde ikkje forelesningar lenger. Det var professor Karl Petersen med sin «overgangsteologi» som prega fakultetet. Petersen sto fast på Bibel og Vedkjenning, men prøvde å formidla dei gamle bibelske sanningar til ei ny tid. Slik vart han til hjelp for mange studenter i ei vanskeleg tid med tvil og vantru. Seinare kom professorane Odland, Brun, Michelet, Ordning og Ihlen til det teologiske fakultetet og sette sitt preg på det. Dette er vel årsaka til at Høyem i kallsboka kan skriva at han ikkje kjende seg heime på dei mest ytterleggåande fløyar, kor-

kje til høgre eller til venstre, men fann seg mest til rette i ein sentrumsteologi.

Om sin fedrearv seier Høyem i kallsboka:

«Min kjærleik til folk og fedreland og difor til ein nasjonal og demokratisk politikk fekk eg i voggegåve — og vil eg vel aldri missa».

Høyem vart kand. teol. hausten 1898 med laudabilis. I 1899 fekk han praktikumseksamen med same karakter. Medan han gjekk og leste til praktikum var han lærar på Det Norske Diakonhjem. Den første faststillinga si fekk han i Volda — der han vart lærar ved Volda seminar. Der var han i 3 år og han skriv sjølv at det var tre gilde år der han fekk læra vestlandsk lynne å kjenne. I 1902 vart han utnemnd til sokneprest i Kautokeino (Han hadde tatt eksamen i lappisk under studietida nærast attpå det meir i 1896) og vart ordinert i Tromsø kyrkje av biskop P. V. K. Bøckman. I Kautokeino vart han til våren 1907 men tok seg ferie og reiste til kroninga av kong Håkon og dronning Maud i Nidarosdomen 1906. I april 1907 reiste han til Ørsta der han var utnemnd til spr. hausten før. I Ørsta hadde han (som kan sjølv skriv) «gode og lykkelige år». Det vart 7 år tilsaman — da han i 1914 vart sokneprest i Tingvoll og der fekk han strev med kyrkjerestaurering. Der fekk han også gjennomleva fyrste verdskrigen og depresjonstida som var i emning.

Hausten 1922 kom han til Orkdal som sokneprest. Frå 1929 var han også prost. Om dette skriv han sjølv: (same kjelde som ovafor).

«Og eg bed Gud velsigne både meg og mine og folket her. Det er mitt folk.»

Også her i Orkdal fekk Høyem mykje strev med kyrkjerestaurering. Han sette seg i brodden for å skaffa hovedkyrkja elektrisk lys, fekk matten på golvet og teppe i koret. Han fekk og

restaurert to messehaklar «som var komne på villstrå». Det vart skaffa naudsynte skåp til sakristia og omn til kapellet. Eit nytt uthus vart bygd på kyrkjegarden og dit vart det lagt vatn og alle vegar på kyrkjegarden vart opparbeid, — fleire tre vart planta. Også Orkanger kyrkje fekk Høyem restaurert og oppmåla. «Minst vart gjort i Moe kyrkje», skriv Høyem. Der vart kyrkja «berre» oppmåla utvendig. Høyem var også primus motor ved opprettinga av Orkdal Lands-gymnas og vart formann i styret dei åra han var her. Han sytte for å få til ein Fortsettelseskole og ein Arbeidsskole i prestegjeldet. Også for Orkdal sanitetsforenings sjukehus vart H. ein god mann. Men når alt dette er nemnd — så er det klart at det var i forkynnartenesta og evangeliseringsarbeidet Høyem la si største kraft og sine beste evner. Da han i 1933 reiste til Lillehammer der han var utnemnd til spr. sto det mellom anna i Nidaros 20. 12. :

«Prost Høyem høyrer til dei mennesker som set merke etter seg. Det har han og gjort dei åra han har vore her. Ein kan vera ueinig med han i ymse spørsmål og han går tidt sine egne vegar, ofte lenger enn det mangen gong synes turvande. Men ein kjem ikkje forbi han — av den simple grunn at han er ein personlegdom. Han er ein nidkjær prest og sjelesyrgjar, eit varmhuga menneske med klår intelligens, eit arbeidsjarn som ein lenge skal leita etter maken til.

Hans kristelege forkynning er sermerkt som mannen sjølv, alltid Kristus-orientert og difor evangelisk. På tilhøyrarane sine verkar han som mannen med dei solide bibelske kunnskapar og ved sin sereigne evne til å utmynta dei evangeliske sanningar i smått, slik at dei kjem fram i ei klår, grei og i beste forstand populær språkform. Det er difor sjølv sagt at han som talar har lett for å koma i kontakt med tilhøyrarane sine. — — —

P. H.»

Som sokneprest på Lillehammer vart også Høyem høgt verdsett. Her ofra han seg ved sida

av si prestegjering — mykje for misjonsarbeidet og det frivillige kyrkjelydsarbeide. Her fekk han oppleva den andre verdskrigen. Med sin nedervte nasjonalkjensle var det sjølv sagt at han vart ein av kyrkjefrontens leidande menn i distriktet.

Nazimyndighetane forviste han frå fylket og avsette han frå soknepreststillinga. Men han reiste ikkje langt. Han tok bustad på ei hytte i Mesnalia ved Sjusjøen — altså like utom grensa til Oppland fylke og derifrå leide han framleis kyrkjefronten. Ved frigjeringa tok han atter over soknepreststillinga som han hadde til han vart 72 år. Dette på grunn av prestemangelen straks etter krigen. Den 20. 6 1949 vart han utnemnd til ridrar av St. Olavs Orden for sin innsats for skole og kyrkje.

Den 21. 12 1899 vart Brage Høyem gift med Jacobine Kamstrup. Ho var født 17. 9 1874 i Trondheim. Dei to hadde vore vener frå barneåra av. Foreldra hennar var fullmechtig Claus Winteh Kamstrup og kone Julie Margrethe f. Hansen. Ho vart ein trufast medtenar og ei fast stød for mannen sin gjennom alle år. Ho gjekk under namnet Lilla og Lilla Kamstrup Høyem døydd 15. 6 1958. Brage Høyem døydd 11. 10 1960. Dei er begge gravlagde på Lillehammer kyrkjegard. Dei har desse borna:

1. Olav Øystein f. 8.12 1900 i Volda — Jordskiftedomar h.v. Gift med Lovise f. Kvam † 1967.
2. Gunvor f. 20.6 1902 i Malvik. Utdana hushaldslærer. Gift med lektor Sigurd Rateig.
3. Gustav Kamstrup f. 27.10 1905 i Kautokeino. Sokneprest h.v. Gift med Martha f. Velle.
4. Inger Margrethe f. 21.3 1908 i Ørsta. Tok artium ved Orkdal landsgymnas. Gift med byråsjef i riksrevisjonen Arne Gustav Klem.
5. Ynghild f. 13.2 1913 i Ørsta. Utdana sjukepleiar. Gift med lektor Alf Thue.
6. Erling f. 14.5 1916 i Tingvoll — Bilsakkyndig. Gift med Olga Øfstedal.

Gåver til bladet

Gåver til bladet i november.

7300 Orkanger:


Reidar Wormdal 25. Målfrid og Arne Korsli 20. Marit Aspaas 20. Jenny Ljøkelsøy 20. Astrid og Johs. Dahl 20. Agnes Sølberg 20. Ingebrigt Isdahl 20. Randi Danielsen 20. A. og J. Singstad 20. Aslaug og Paul Hansen 10. Marit Viggehagen 10. Karen og Arvid Lodgaard 30. Gladys og Olav Metli 25. E. og E. Martinsen 20. Bjarne Krogstad 20. J. og A. Karlsen 20. I. og A. Gumdal 20. Dr. Orlin 25. Emma Fagerholt 25. Sigrid Lassen 25. Johanna Størdahl 30. Sigrid Evjen 10. E. Holt 25. Marie og Gunnar J. Ustad 20. Semb 20. Anne og Gunnar Aas 20. Inge Løkstad 10. Per og Ragna Svorkmo 20. Leif Metli 20. Inger Kvam 50. Ole Kattem 20. M. og T. A. Landmark 25. A. Melby 20. S. og I. Opøien 20. K. og J. Songli 20. Borgh. og John Korsen 20. A. og J. Wuttudal 20. Arne K. Togstad 20. Marit og Johan Blåsmo 20. John Bergem 20. Jan Trønsdal 20. Dagny og Per Korsli 30. Ragnar Karlsen 25. Jordis og Kjell Hansen 30. Anne Melingsæter 20. Marta Haugum 20. Lena Warholm 20. Arne Rian 20. Eli og Roald Metli 20. Freidar Monsen 20. Solveig Olsvik 10. Jomar Aae 20. Anne og Einar Mælen 15. Anne Irene og Jan Ebbesen 20. Mali Ustad 20. Lovise Nørvik 10. Arnfinn Nesset 20. Randi og Rolf Stendahl 20. K. og A. Sæther 20. Olive Holm Lilund 20. E. V. og O. H. 30. Ola og Berit Kirkaune 30. Astrid og Rolf Eriksen 20. Ofstad 20. Lorentz Wormdahl 20. M. Monseth 15. A. og P. R. Strand 30. Gunvor Krokstad 20. Solveig Raness 30. Solfrid og Rolf Nyberg 20. Gunde og Johan Røhmesmo 25. Roald Drabløs 25. Erna Karlsen 20. Helga Morken 25. Berit og Olav Meslo 20. Sigrid Knutzen 20. Erna og Håkon Husby 20. I. og R. Strand 25. Olaf Husdal 20. M. Sundli 10. T. Munkvold 20. Margit Bach 20. Ingrid Lillemyr 20. Slenes 25. Martha Lie 20. B. og S. Næss 20. Johannes Skjeidel 15. Klara og Arvid Kringstad 25. Astrid Leknes 20. S. og J. Trelease 20. Peder Mælen 20. Sigfrid Mathisen 10. Geirny Madssen 10. Anna Ebbesen 10. Mary Sneve 20. E. L. 20. Oddveig og Arnt Lien 20. Molla og Frits Skinstad 20. Gjertrud Moe 10. Inga Jønsberg 15. Gjertrud Johansen 10. Ingeborg og Thomas

Songli 20. Ingeborg Knutsen 20. Astrid og Asm. Aarland 20. Anna Asphaug 30. Lovise Meland 20. Karen Svensson 10. Aslaug Brandli 10. Marie Kjønlø 10. Lovise Braseth 20. Tore og Olav Skjølberg 20. Mathilde Reitan 10. Mary og Johan Wuttudal 20. Borg-hild og Alf Sollien 20. Elfrida Svorkmo 10. Ivar J. Svorkmo 10. Sigrid og Kristoffer Singstad 30. Signe og Konrad Olsen 25. Fam. Auran 20. Marry og Per Karlsen 20. Karen Dalen 20. Astrid og Arne Midttømme 20. Randi Falch 25. Anne Bye 30. Eli Hagetrø 40. I. K. ? 30. M. og E. Rømme 50. Bj. og Marit Hammer 20. Elsa og Erling Røhme 20. Anne Rikstad 20. Elsa Andersen 30. Karen Pedersen 10. Arne Høvik 20. Reidun og Magnar Fandrem 30.

7310 Gjøtme:

Ester og Eivind Husby 25. Olav og Inger Skjenald 20. Sverre Sletvold 50. Jarle Bakkli 30. Anders Reitan 50. Per Melbye 20. J. E. Reitan 20. Arnt Vormdal 25. Marta Knudsen 20. Sofie og Lars Husby 20. Einar Kjøren 15. Arnfinn Dørdal 20. S. Agnes 20. Trygve Hansen 20. Gurine og Ole Reitan 20. Kjell Landrø 25.

DISTRIKTSBANKEN MED STORBANKENS FORDELER



Forretningsbanken

Bibeltimar i Stokkhaugen og Sølberg Bedehus

Onsdag 24.1 kl. 20 — Stokkhaugen

Onsdag 7.2 kl. 20 — Sølberg

Onsdag 21.2 kl. 20 — Stokkhaugen
denne kveld kollekt til arr.

Vær med å be for samværa.

Alle bibeltimar blir ved Gunnar Bonsaksen. Ungdomsforeninga Vårliv står som arrangør.

7320 Fannrem:

Steinar Røhme 25. Eivind Volden 25. Einar Lynum 20. Reidun Liåmo 20. Inga Bysting 20. Guri og Bjørn Husdal 20. Inger og Rolf Sæther 20. Pauline Bjørkøyli 20. John Aunemo 20. Hilda og Johan Knudsen 20. Anne-Marie og Ivar Aune 20. Klara Sundli 10. Lars, Bergliot og Per 50. Jorunn og Helge Kvåle 50. Jan Aunemo 50. Ola Øyen 25. Einar Nøsen 25. Aud og Magnar Brattås 20. Kjellfrid — Ole ? 20. Margido Fuglås 20. Rolf Høyven 20. A. M. Haugnes 20. O. E. Sundli 20. Randi og Levin Wongraven 20. Ane Øyasæther 50. Kjell Hågensen 20. Randi og J. Kvålsvold 10. Inga og Olav Kvaale 30. D. og J. Øyaseter 25. Ivar Solem 20. Olav Grøtjord 20. Ola Metli 25. G. Solhus 20. Marit Haugem 10. Barbro Rønning 30. Jarle Bratlie 30. Kåre Andøl 20. R. og I. Wolden 30. E. O. Helihaug 40. Amalie og Anders Ekli 20. John Ødyn 25. Astrid og Knut Solem 25. Alf Asphjell 20. Randi og Ottar Solem 20. Johan Selnes 20. Jarle og Jorunn Tuflått 20. John Bjørndal 20. Johanna Solem 20. Ola P. Solem 20. Sverre Sivertsen 30. Arvid Svorkmo 30. Tordis Tuflått 15. Nanna Solem 10. Anna Bakkmo 20. M. og T. Mellingsæter 20. Anna og Harald Røhme 20. Odd Metli 25. Agnes Sommervold 10. Jostein Fagerholt 20. Ole S. Skarholt 20. Rasmus Kråkenes 20. Ola Fagerholt 20. Anders Bjørndal 20. Berit Wiggen 20. Dagny og Ole Granli 20. Ivar Haugen 20. Sivert Rye 20. Inger og Odd Eriksen 25. Ingebrigt Engen 50. Per Solem, Øyum 15. Gjermund Gjertsen 20. Hanna Gundersen 10. Marie Nervik 20. Sigrid Kjelstad 10. K. og N. Sølberg 20. Einar Gisvold 40. Gunda Vassli 10. Ranveig og Arne Dahl 20. Olav Wormdal 20. Bergitte og Arne Ljøkelsøy 25.

Hjertelig takk!

Velkommen til kyrkja

28.1 3. s. e. kr. *Apenb.søndag*

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. res.kap. Aasen og reise-sekrt. Reidar W. Molander. Offer til Kristenfolkets edruskapsråds arbeid. *Moe k.* kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Søvas skjølen fjellkyrkje.

Gjølme bedehus kl. 11

Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell.

4. 2 *Vingardssøndag*

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Kristen Vidaregåande skole i Trøndelag.

Orkanger k. kl. 11

Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til menighetsarb.

Monset skole kl. 11

Gudstenestleg møte v. res.kap. Aasen.

11.2 *Såmannssøndag*

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til Kristelig kringkastingslag.

Orkdal aldersheim kl. 11

Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd.

Orkanger aldersheim kl. 11

Gudst. møte v. prost Rogstad. Nattv.

18.2 *Kristi forklarings dag*

Geitastrand k. kl. 11

Høgmesse v. feltprest Steinar Nilsen. Offer til «Kristent soldatarbeid».

Buss frå Råbygda.

Orkanger k. kl. 11

Høgmesse v. stasjonsprest Tormod Høyen.

Offer til «Kristent soldatarbeid».

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. stasjonsprest Kjetil Frøysa.

Offer til «Kristent soldatarbeid».

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. feltprest Dagfinn Slundgård.

Offer til «Kristent soldatarbeid».

30. jan. Møte for alle konfir-mantforeldre i prestegjeldet.

Denne gongen samlast vi på Me-gården Bedehus og vi får vitjing av Trond Eiliv Hauge som er lektor på Lærarhøgskolen. Han vil innlede om dei unges situasjon i konfirmantalde-ren. Sang vonar vi det skal bli. Som vanleg bevertning. Vi samlast kl. 20.

Orkland menighet

9. feb. Ten-kveld på Svorkmo Misjonshus.

Ei gruppe soldatar frå Ørlandet Flystasjon kjem for å lage til ein ungdomskveld i skjemt og alvor. Alle ungdomsskoleelever og andre ung-dommar er svært velkomne. Kl. 19.30.

7. feb. Bibeltime på Svorkmo Misjonshus.

Kalls.kap. Slettahjell tek for seg 2. og 3. bønn i Fadervår. Set av denne dagen til å oppleve fellesskap om-kring studium av Guds ord, og i bønn. Tida, kl. 20.00.

8. feb. Eldretreff på Svorkmo.

Birgit Sæter kjem og vil vere sa-man med oss. Som vanleg vert det kaffi og kaker. Bussen kjøyrer om Hoston kl. 10.00.

11. feb. Familiesamling på Svorkmo Misjonshus kl. 16.

Endeleg kan alle barn og foreldre samlast til ei liknande samling som vi hadde i november. Kom og ta med deg enda fleire. Mykje sang. Andakt. Be-vertning. Utlodning og konkurransar.

Orkanger menighet

Familiesamling i Ungdomsskolen

21.1 — kl. 17 — Besøk frå Fredly Ungdomsskole.

Bibeltime 17.1 i Orkanger

Bedehus kl. 20. Res.kap. Aasen taler over innledninga og 1ste bønn om Fadervår.

Eldretreff i Askeladden 2.2 kl. 17

Se om programmet i Sør-Trøndern.

Sang- og musikk-kveld i Orkanger

Bedehus 9.2 kl. 19. Kakeutlodning. Arrangør Orkanger Musikklag.